

Fredag 17. juni og fredag 26. august 2022!

**Fra Stavanger med
ekspressbuss**

Spesialtilbud!

◇ Stavanger - Kristiansand tur/retur
med ekspressbuss konkurrenten.no

◇ 2 netter i dobbeltrom i Kristiansand

Kun kr 1.300,- per person

Setesdal Kulturné

SETESDAL



Kirsten Bråten Berg



UNESCO-program



Handlaga bunadssylje
Foto: Hasla Fossensylv



Daniel Sandén Warg



Inger Lise Stulien

Vi gjentek suksessen; bli med heim til artistane!

Tradisjonell verdskultur!

Setesdal, midt i hjartet av Agder, er ikkje berre kjende for majestetiske fjell, gamal byggjeskikk, vakre bunadar og rike tradisjonar. Stev, dans og spel har fått plass på UNESCO si verdsarvliste for immateriell kulturarv. Setesdølane er stolte av sin levande folkemusikk-tradisjon og sterke kulturidentitet.

Heime på gardstunet!

Inger Lise Stulien - kjend og allsidig artist, på Syrtveit, fekk idéen under pandemien. Då artistane ikkje kunne reise ut på turné, la vi til rette for at publikum kunne kome til artistane. Saman med Risdal Touring blei Setesdal Kulturné til, for at du skal få oppleve eit rikt mang-

fald; høyre variert musikk, smake kortreist mat, beundre kunst og handverk, kjenne lukten av sau, sjå vakker natur og tradisjonell arkitektur.

Unike kulturopplevingar oppover dalen!

Frå din heimstad, til artistane sin heimstad, fraktar me deg trygt i buss! Setesdal har vore ein kreativ dal gjennom alle tider. Artistar og musikarar har slått seg ned og funne sitt kunstneriske uttrykk både ved og utanfor setesdalskulturen. Den gode historien og dei artige, små forteljingane om folk og personlegheiter, og om myter og segner, vil me prøve å gje deg i ein attraktiv opplevingspakke. Ein lokalkjend guide vil følgje bussen under reisa.

Risdal Touring AS, Transportvegen 17, 4735 Evje

Telefon: 37 93 15 15

www.touring.no

**RISDAL
TOURING**

Laurdag 18. juni og 27. august 2022

Velkommen til ein innhaldsrik dag med mange opplevingar!

Våre bussar startar i vest (Farsund) og i aust (Gjerstad) med påstigningar undervegs. Det blir lagt opp til fleire bussar og avgonger om påmeldingane tilseier det. Dei som vil, kan og møte hos Risdal Touring AS på Evjemoen og reise vidare med buss.

Sørfrå blir fyrste stoppen hos **Inger Lise Stulien** på Syrtveit. Med sauer på beitet ønskjer ho og familien deg velkomen til gards med heimebakst, vakre toner og raus gjestfriheit. Ho held konsert for deg saman med hennar musikarar, **Knut Kjetil Møen** på gitar og **Kim Roger Larsen** på piano. I nystova er salsutstilling av setesdalsinspirert kunst og design. **Lise Stubbings** er designeren bak setesdalskjolane. Måleri av kunstnaren **Dag Telhaug** og litografi av kunstnaren **Mona Ida**. I år har endå ein lokal kunstnar kome til; **Olaug Åsen** frå Bygland. Ho vil også stille ut sine bilete på Syrtveit.

Etnolog og spelemann, **Gunnar Stubseid**, inviterer oss inn på sitt vakre Setesdalstun på Helle i Hylestad. Han har stor interesse for gamle hus og veit å ta vare på bygningane på garden. Han vil fortelje om gamle tradisjonar, og vil spele ein slått for deg på hardingfela si, som han trakterer framifrå.

Me må innom **Gomes hus** på Nomeland. Ein enkel og liten gardsbutikk der det meste er heimelaga. Her blir det demonstrasjon innen ulike tradisjonshandverk i tunet. Lokale bakstekoner vil sitje å bake brød og ha utsal av lefser. Utandørs blir det oppvisning med gjeterhund og du kan titte innom eit stabbur frå 1349.

På **Sylvartun** vil du treffe kvedardronninga, **Kirsten Bråten Berg**. Ho er folkemusikar, sylvsmed og blei utnevnt til riddar av 1. klasse av St. Olavs Orden for sin innsats som kunstnar og kulturformidlar. Ho syr saman eit UNESCO-program saman med fleire utøvarar frå dalen. Her får du oppleve ekte folke-musikktradisjon av dyktige kulturberarar, deriblant spelemann **Daniel Sandén Warg**.

Nyheit i år er at me har ein stopp i Valle. Her har me lagt inn eit besøk hos **sylvsmedane på Fossensylv (Hasla)**. Der får me sjå produksjon av bunadssylv og andre moderne smykke. Du får og høve til å gå innom **Setesdal Husflid** og sjå mykje flott handarbeid.

Midt i Valle sentrum ligg **Bergtun Hotell** med sitt spiseri og galleri av lokale kunstnarar. Her blir det servert deilig, varm lunsj. Eit kortreist og tradisjonsrikt måltid i hyggjeleg atmosfære. Dei som reiser i juni får her oppleve eit humoristisk innslag av **Thor Åmli** frå Valle. I august har me eit musikalsk innslag av **Vetle Tveiten Hoslemo** frå Bykle som vil kveda for oss.

God fornøyelse!



Spenne frå Fossensylv (Hasla)



Heime hos Gunnar Stubseid på Helle



Handsauma bunad frå Gomes Hus



Måleri av Olaug Åsen



Konsert på Syrtveit



Bergtun Hotell

Foto: B. E. Auestad



Setesdal Husflid



Heimelagde brød på Bergtun Hotell

Foto: B. E. Auestad



Vetle Tveiten Hoslemo

TURPRIS

Dagstur kun kr 1.395,- per person

Turprisen inkluderer:

- ♦ Erfaren sjåfør og heilturistbuss
- ♦ Velorientert reiseleiar/ turguide
- ♦ Kaffe og kringle hos Inger Lise på Syrtveit
- ♦ Varm lunsj med dessert og kaffe på Bergtun
- ♦ God stemning og hyggjelege omgjevnader
- ♦ Mange kulturelle opplevingar
- ♦ Alle vegavgiftar og bompengar

Honorarfondet i Setesdal bidreg økonomisk til at arrangementet er mogleg å gjennomføre. Takk!

Atterhald om endringar som følgje av omstende utanfor vår kontroll!

Risdal Touring AS, Transportvegen 17, 4735 Evje

Telefon: 37 93 15 15

www.touring.no

**RISDAL
TOURING**